



Arkivnr: 2014/12978-72

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg**Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Utvål for opplæring og helse		28.04.2016

Fordeling av tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag - 2016**Samandrag**

Tilskotsordninga som er øyremerka fagskuletilbod innan helse- og sosialfag, skal dekke driftsutgifter for utdanningane og vart innført 01.07.2009. Ramma til Hordaland fylkeskommune er i 2016 sett til kr. 7 096 000,-. I tillegg er det søkt om å få overført kr 624 025,- av ubrukte midlar frå 2015. Det er lagt til grunn i saka at søknad om overføring av midlar vert godkjent, og ramma for 2016 vert då på kr. 7 720 025,-.

Av ramma for 2016 er følgjande midlar disponible til nye studentar hausten 2016:

Ramme 2016	7 720 025,-
- Utbetalat vårt 2016	3 364 075,-
- Forventa utbetaling haust 2016, 2-års studentar	1 887 225,-
Sum – resterande beløp til nye studentar haust 2016	2 468 725,-

Hausten 2015 var det om lag 3 millionar kr til fordeling, samtidig som det vart søkt om færre nye studentplassar. På bakgrunn av dette vert det naudsynt å gjere nøye prioriteringar i tilskotsfordelinga for hausten 2016. Administrasjonen er i dialog med Helsedirektoratet om å få ei styrking i ramma for 2016 ved å få omdisponert ubrukte midlar frå andre fylke frå budsjettåret 2015. Dersom Hordaland fylkeskommune får ein auke i ramma for 2016, kan dette tilskotet fordelast etter visse prioriteringar i ettertid.

Forslag til vedtak**1. Fordeling av tilskot til nye fagskulestudentar innan helse- og sosialfag hausten 2016:**

Utdanning	Stadbaser sat		Nettbaser sat						Sum
	Hordaland helsefagskole	AOF H/SF	Aldring/helse	Høyskolen kristiania	NKI	RKK	eCademy	Folkeuni. Øst/vest	
Psykisk helsearbeid	24								24
Rehabilitering	24								24
Helse, aldring og aktiv omsorg/Eldreomsorg				4	2				6
Rus og avhengighetsproblematikk									0
Spesialreinhald og sterilosyning									0
Kreftmørsog og lindrande pleie					2	1			3
Livsstils- og kroniske sjukdommar									0
Barsel- og barnepleie									0
Demensomsorg / demens. alderspsykiatri	24	13*							24
Utviklingshemming og aldring		4							4
Migrasjons helse					2				2
Velferdsteknologi					2				2
Helsekoordinator							4		4
Helseadministrasjon sekretær							4		4
Miljøarbeid/utviklingshemming	24								24
Tverrfaglig miljøarbeid						1			1
Psykisk helsearbeid og rusarbeid				4					4
Veiledning						1			1
Sum studenter det vert gjeve støtte til	48	48	17	8	8	3	8	0	140

* På vilkår av godkjent studiestad i Bergen innan oppstart hausten 2016.

2. Den einskilde tilbydar har høve til å omprioritere tilskotet mellom dei NOKUT-godkjende utdanningane dei har søkt på, fram til 1. oktober, som er offisiell teljedato for utbetaling av tilskot innanfor den einskilde tilbydar si tildelte ramme.
3. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vert gjeve mynde til å fordele eventuelle unytta midlar mellom tilbydarane innanfor ramma etter 1. oktober utan at det vert lagt fram ny sak for Utval for Opplæring og helse.
4. Ved ein auke i tilskotsramma for 2016 vert følgjande tilbod styrka i prioritert rekjkjefølgje:
 1. Helse, aldring og aktiv omsorg ved Hordaland helsefagskole
 2. Psykisk helsearbeid ved AOF Hordaland – Sogn og Fjordane
 3. Demensomsorg og alderspsykiatri ved Nasjonal kompetansetjeneste for aldring og helse
 4. Nettbaserte tilbod ved:
 - a. NKI AS
 - b. Høyskolen Kristiania
 - c. RKK
 - d. eCademy

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vert gjeve mynde til å fordela tilskotet ved ein eventuell auke i tilskotsramma etter nemnt prioritering over.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.04.2016

Tilskotsordninga som er øyremerka fagskuletilbod innan helse- og sosialfag, skal dekke driftsutgifter for utdanningane og vart innført 01.07.2009. Fylkeskommunane fekk i samband med forvaltningsreforma i 2010 delegert ansvar for fordeling av tilskot retta mot studentar i eige fylke. Tilskotsordninga vart oppretta som eit tiltak under Omsorgsplan 2015 og Kompetanseløftet 2015, der fagskuleordninga vert framheva som viktig for å auke kompetansen i helse- og omsorgssektoren, i tillegg til å redusere avgang frå sektoren og bidra til rekruttering til helse- og sosialfag i vidaregåande skule. Ordninga er vidareført ved Helsedirektoratet etter 2015.

Mål for ordninga

- Heve kompetansen på sentrale fagområde i den kommunale omsorgssektoren
- Tilby personell ein karriereveg
- Realisere nasjonale måltal for utdanningsaktiviteten
- Sikre utdanningstilbod over heile landet gjennom å ivareta både regionale, interregionale og nasjonale fagskuletilbod

Målgruppe

Helse- og sosialpersonell med utdanning på vidaregåande skulenivå.

Tilskotsordninga bidrar til å nå målsettingane i Omsorgsplan 2015 og Kompetanseløftet 2015, jf. St.meld. nr. 1 (2005-2006) «Mestring, muligheter og mening - Framtidas omsorgsutfordringer».

Presisering av tildelingskriteria for ordninga

Det vert gjeve tilskot til utdanningstilbydarar etter satsar per student som multipliserast med tal på registrerte studentar på teljetidspunktet 1. mars og 1. oktober. Dette inneber halvårleg tildeling av tilskot frå fylkeskommunen til tilbydarar. Følgjande kategoriar og satsar per heiltidsekvivalent student gjeld for budsjettåret 2016:

Tilbod	Sats
Nettbasert*	54 000 kr
Stadbaser	78 100 kr

*For einskilde tilbydarar av nettbasert undervisning med låge samla studenttal er satsen for stadbaser tilbod nytt. Satsane vert vidareført for desse tilbydarane.

Etter Delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune; punkt 31. Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr. 53, er det Utval for Opplæring og helse som har fullmakt til å fordela tilskot etter denne ordninga.

Budsjettramme2016

Ramma til Hordaland fylkeskommune er i 2016 sett til kr. 7 096 000,-. I tillegg er det søkt om å få overført kr 624 025,- av ubrukte midlar frå 2015. Det er lagt til grunn i saka at søknad om overføring av midlar vert godkjent, og ramma for 2016 vert då på kr. 7 720 025,-.

Av ramma for 2016 er kr. 3 364 075,- betalt ut i tilskot for studentar som det er søkt støtte for tidlegare, og som per 1. mars 2015 er aktive studentar. Av desse studentane vil om lag 109 framleis vere i utdanning hausten 2016, og forventa utbetaling for desse denne hausten er på kr. 1 887 225,-. Såleis er om lag kr 5 251 300,- bunde opp til tilbod med studentar som er under utdanning i 2016. Det resterande beløpet Hordaland fylkeskommune kan fordela til nye studentar hausten 2016, er kr 2 468 725,- (sjå oversikt under).

Ramme 2016	7 720 025,-
- Utbetalte vår 2016	3 364 075,-
- Forventa utbetaling haust 2016, 2-års studentar	1 887 225,-
Sum – resterande beløp til nye studentar haust 2016	2 468 725,-

Reduksjon i talet på nye studentar det vert gjeve tilskot til

Tidlegare år har Hordaland fylkeskommune ikkje brukt opp heile ramma som fylket vart tildelt frå Helsedirektoratet. Dette snudde i 2015 då det meste av ramma vart nytta. På grunn av dette er det ein auke i talet på studentar som det vart gjeve tilskot til våren 2016, og det er ein liten auke i talet på forventa andreårsstudentar. Dette gjer at summen til fordeling til nye studentar hausten 2016 vert lågare enn tidlegare, samtidig som det er ein auke i søknader. Som nemnt er det disponibelt kr 2 468 725,- som skal fordelast til nye studentar hausten 2016. Til samanlikning var det om lag 3 millionar kr til fordeling hausten 2015. På bakgrunn av dette vert det naudsint å gjere nøye prioriteringar i tilskotsfordelinga for hausten 2016.

Administrasjonen er i dialog med Helsedirektoratet om å få ei styrking i ramma for 2016 ved å få omdisponert ubrukne midlar frå andre fylke frå budsjettåret 2015. Hordaland er ikkje det einaste fylket som er i denne situasjonen, og det er derfor usikkert om ein kan få ei styrking, og i så fall kor mykje dette blir. På bakgrunn av dette vil administrasjonen til slutt i saka føreslå å prioritere nokre søkjavar dersom Hordaland fylkeskommune får ei auka ramme.

Søknadar om tilskot hausten 2016

	Stadbasert sats				Nettbasert sats					
	Tal på studentar det vert søkt tilskot for ved den einskilde tilbydar									
Utdanning	Hordaland helsefagskole	AOF H/SF	Aldring/helse	Høysk. Kristiania	NKI	RKK	eCademy	Folkeuni. Vest	Folkeuni. Øst	
Psykisk helsearbeid	30	25			4					
Rehabilitering	60					2			20	
Helse, aldring og aktiv omsorg/Eldreomsorg	30			8	2	2				
Rus og avhengighetsproblematikk										
Spesialreinhald og sterilosyning						2				
Kreftomsorg og lindrande pleie					4	2				
Livsstils- og kroniske sjukdommar										
Barsel- og barnepleie							2			5
Demensomsorg / alderspsykiatri		25	30		4					
Utviklingshemming og aldring			5							
Migrasjons helse					4					
Velferdsteknologi					4					
Helsekoordinator								15		
Helseadministrasjon sekretær								28		
Miljøarbeid/utviklingshemming		25								
Tverrfaglig miljøarbeid						2				
Psykisk helsearbeid og rusarbeid				8		2				
Psykiske lidelser/aldring ved utviklingshemming									20	
Veileding							1			
Sum studenter det søkes støtte for	120	75	35	16	22	15	43	40	5	

Tabell 1. syner talet på studentar som den einskilde søker ønsker å gje tilbod til hausten 2016.

- Tilboda markert med grått er ikkje NOKUT-godkjende innan søknadsfrist om tilskot 1. mars 2016.
- Tilboda markert med blått indikerer at tilbydaren ønsker å gjøre moglege omprioriteringar innanfor talet på studentar som dei søker tilskot for.

Tabell 1 syner at det er søkt om totalt 371 studentplassar frå Hordaland hausten 2016. Av desse er det søkt om 270 studentar med stadbasert sats og 101 studentar med nettbasert sats. Totalt er det søkt om kr 6 635 250,- i tilskot, medan det som nemnt berre er kr 2 468 725,- disponibelt til nye studentar denne hausten.

Søknadstala er ikkje basert på faktiske søkeratal for hausten 2016. Både dei offentlege og private fagskulane innan helse- og sosialfag tek imot søkerar fram til skulestart om hausten for å fylle opp klassane. Nokre tilbydarar har vore i dialog med einskilde kommunar i Hordaland om søkerar til spesifikke tilbod, men endelege søkeratal ligg ikkje føre enda.

Erfaringa med tilskotsordninga tilseier at tilbydarane stort sett søker om støtte til fleire studentar enn dei faktisk tek opp til utdanning om hausten. Likevel er årets økonomiske situasjonen slik at det ikkje er rom for å gje tilskot til like mange som i fjor.

Fordelingskriterium

Av di det er mindre midlar til fordeling enn tidlegare, har det som nemnt vore naudsint å gjere nøye vurderingar i høve til kva tilbod det vert gjeve tilskot til basert på følgjande kriterium:

- Hordaland fylkeskommune gjev tilskot til tilbydarar som tar opp studentar som er busette i Hordaland.
- Søkjarar av stadbaserete tilbod vert gjeve tilskot for heile klassar inntil eit gitt tal studentar av di tilboden er avhengig av søkjarar lokalt i fylket og ikkje kan fyllast opp med studentar frå fleire fylke.
- Søkjarar til nettbaserte tilbod vert ikkje gjeve tilskot for heile klassar av di tilboden kan fullteiknast med søkjarar frå heile landet.
- Det er eit mål å få variasjon i det totale tilboden av fagskuleutdanning som Hordaland fylkeskommune gjev støtte til innan helse- og sosialfag.

Basert på det siste tildelingskriteriet har administrasjonen vurdert variasjon i tilboden både innanfor same tilskotsår, men også i høve til variasjon frå år til år. I tillegg er det lagt vekt på at stadbaserete tilbod ikkje skal utkonkurrere kvarandre slik at to tilbydarar får to små klassar innanfor same eller liknande tilbod.

Forslag til fordeling av tilskot til nye studentar hausten 2016

	Stadbaseret sats		Nettbaseret sats						
	Tal på studentar det kan verte gjeve tilskot til ved den einskilde tilbydar								
Utdanning	Hordaland helsefagskole	AOF H/SF	Aldring/helse	Høyskolen kristiania	NKI	RKK	eCademy	Folkeuni. Øst/vest	Sum
Psykisk helsearbeid	24								24
Rehabilitering	24								24
Helse, aldring og aktiv omsorg/Eldreomsorg				4	2				6
Rus og avhengighetsproblematikk									0
Spesialreinhold og sterilosyning									0
Kreftomsorg og lindrande pleie					2	1			3
Livsstils- og kroniske sjukdommar									0
Barsel- og barnepleie									0
Demensomsorg / demens. alderspsykiatri		24	13*						24
Utviklingshemming og aldring			4						4
Migrasjons helse					2				2
Velferdsteknologi					2				2
Helsekoordinator						4			4
Helseadministrasjon sekretær						4			4
Miljøarbeid/utviklingshemming		24							24
Tverrfaglig miljøarbeid						1			1
Psykisk helsearbeid og rusarbeid				4					4
Veiledning						1			1
Sum studenter det vert gjeve støtte til	48	48	17	8	8	3	8	0	140

* På vilkår av godkjent studiestad i Bergen innan oppstart hausten 2016.

Tabell 2 syner forslag til fordeling av tilskot til studentar fordelt på tilbod og tilbydar for hausten 2016.

- Tilboda markert med grått er ikkje NOKUT-godkjende innan søknadsfrist om tilskot 1. mars 2016 og fordeling av tilskot er på vilkår av godkjent utdanning.
- Tilboda markert med blått indikerer at tilbydaren ønskjer å gjere moglege omprioriteringar innanfor talet på studentar som dei søker tilskot for.

Tabell 2 over syner forslag til fordeling av tilskot til nye studentar hausten 2015. Det er føreslått å gje tilskot til totalt 140 studentar, av desse er 96 plassar stadbaseret medan 44 plassar er nettbaseret. Ved dei stadbaserete tilboda er det føreslått å gje tilskot til inntil 24 studentar per klasse for å sikre ein viss storleik av desse tilboda. Vidare vert det gjeve ei forklaring av forslaget til fordeling av tilskot ved den einskilde tilbydar.

Hordaland helsefagskole

Tabell 1 syner at Hordaland helsefagskole har søkt om tilskot til totalt 120 studentar fordelt på 3 tilbod. Skulen har søkt om 30 plassar til tilboda *Psykisk helsearbeid*, 60 plassar til *Rehabilitering* og 30 plassar til *Helse, aldring og aktiv omsorg*. Tilboda *Psykisk helsearbeid* og *Rehabilitering* er prioritert med ein klasse kvar i forslaget (tabell 2). Dette er fordi Hordaland helsefagskole legg til grunn at *Rehabilitering* er eit satsingsområde i kommunane, og fordi *Psykisk helsearbeid* er eit attraktivt tilbod både blant kommunane og blant søkerane. Skulen har også søkt NOKUT om godkjenning av utdanninga *Psykisk helsearbeid og rusarbeid*, og dersom denne vert godkjent, vil skulen starte denne i staden for *Psykisk helsearbeid*. Den nye utdanninga er basert på ein ny nasjonal plan, og er også etterspurt blant kommunane. Tilboden *Helse, aldring og aktiv omsorg* er ikkje prioritert i forslaget av di dette tilboden også kan verte gjeve av nokre av nett-tilbydarane, og fordi andre tilbydarar vert prioritert innan fagområdet aldring med ulik spesialisering.

AOF Hordaland – Sogn og Fjordane

AOF Hordaland har jf. tabell 1 søkt om 25 plassar til kvar av dei tre fagskuleutdanningane *Psykisk helsearbeid*, *Miljøarbeid i tjeneste for mennesker med utviklingshemming* og *Demensomsorg*. AOF skriv i sin søknad at dei allereie har fleire søkjrarar til tilbodet, men dette er ikkje talfesta. Administrasjonen tilrår at det vert gjeve tilskot til *Miljøarbeid i tjeneste for mennesker med utviklingshemming* og tilbodet *Demensomsorg* med 24 plassar kvar. Det førstnemnde tilbodet er eittårig på deltid, medan det andre tilbodet er toårig på deltid. Som nemnt er det på grunn av lite midlar til fordeling og fare for at like stadbaserete tilbod skal utkonkurrere kvarande, føreslått nøyne prioriteringar. Det er på bakgrunn av dette ikkje føreslått å gje tilskot til tilbodet *Psykisk helsearbeid* ved AOF hausten 2016 av di dette tilbodet vert prioritert ved Hordaland helsefagskole som søker NOKUT om godkjenning av ny nasjonal plan innan *Psykisk helsearbeid og rusarbeid*.

Nasjonalt kompetansetjeneste for Aldring og helse (Aldring/helse)

Nasjonal kompetansetjeneste for aldring og helse søker om tilskot til nettbaserte tilbod med stadbaseret sats på grunn av låge samla tal på studentar. Hordaland fylkeskommune har gjeve tilbydaren stadbaseret sats tidlegare, men vurderer no det samla talet på studentar ved Nasjonal kompetansetjeneste for tilstrekkeleg til å få tilskot etter nettbasert sats (tilbydar har 108 studentar samla sett fordelt på to tilbod pr. 1. oktober 2015 jf. tilbydars eigen rapportering til DBH).

Nasjonal kompetansetjeneste for aldring og helse har søkt om tilskot til 30 plassar ved tilbodet *Demensomsorg og alderspsykiatri* og 5 plassar ved tilbodet *Utviklingshemming og aldring*. Begge tilboda er nettbaserte med vekesamlingar. Tilbydaren har søkt om ein stor klasse innan *Demensomsorg og alderspsykiatri* av di Bergen kommune etterspør dette tilbodet med samlingar i Bergen. Nasjonal kompetansetjeneste har ikkje godkjenning av NOKUT til å tilby samlingane i Bergen per i dag, men er i prosess med å søkje godkjenning for å kunne starte opp til hausten 2016. Av di tilboda er nettbaserte, er dei ikkje avhengig av søkerar berre frå Bergen for å starte opp, og det er derfor føreslått å tildele 13 plassar til *Demensomsorg og alderspsykiatri* på vilkår av NOKUT-godkjenning i Bergen, og 4 plassar til tilbodet *Utviklingshemming og aldring*. Tilbydaren har brukt å ha om lag 4 studentar årleg frå Hordaland tidlegare.

Høyskolen Kristiania (tidlegare NKS)

Høyskolen Kristiania søker som vist i tabell 1 om 8 plassar til kvart av tilboda *Psykisk helsearbeid og rusarbeid* og *Helse, aldring og aktiv omsorg*. Tilboda er nettbaserte med vekesamlingar i Hordaland, og vert gjeve på deltid over to år. Av di tilbydaren har nettbaserte tilbod, vert det føreslått å gje tilskot til 4 plassar ved kvart av tilboda nemnt her.

NKI AS

NKI AS søker om tilskot til 22 plassar innan 6 ulike tilbod (sjå tabell 1). Tilboda til NKI er nettbaserte og vert gjeve på deltid over to år. På bakgrunn av dei nemnde avgrensingane i tilskotsramma, vert det som vist i tabell 2 føreslått å gje tilskot til 2 studentar ved kvart av tilboda; *Helse, aldring og aktiv omsorg*, *Kreftomsorg og lindrande pleie*, *Velferdsteknologi** og *Migrasjonshelse* (*på vilkår av NOKUT-godkjenning innan oppstart hausten 2016). Desse fire tilboda er det i forslaget fordelt få plassar til, medan dei andre tilboda NKI har søkt støtte til (*Psykisk helsearbeid* og *Demensomsorg og alderspsykiatri*), er føreslått blir ivaretakne av andre tilbydarar.

Rogaland kurs og kompetancesenter (RKK)

RKK søker om totalt 15 plassar fordelt på 8 tilbod (sjå tabell 1). Tilboda er nettbaserte og vert gjeve på deltid over to år. RKK skriv i sin søknad at dei har blitt kontakta av potensielle søkerar frå Hordaland, men dette er ikkje talfesta. Dei to siste åra har RKK rekruttert 3-4 studentar frå Hordaland til sine utdanninger. På bakgrunn av avgrensingane i tilskotsramma er det føreslått i tabell 2 å gje RKK tilskot til totalt 3 nye studentar hausten 2016 fordelt på tilboda *Veiledning*, *Kreftomsorg og lindrende pleie* og *Tverrfaglig miljøarbeid*. Utanom tilbodet *Barsel og barnepleie* er dei andre tilboda RKK søker støtte til, ivaretakne av andre tilbydarar. Tilboden *Sterilforsyningsteknikk og smittevert* er tilsvarande tilboden *Spesialreinhald og sterilforsyning* ved Hordaland helsefagskole, som har ei gruppe gående på andre studieår.

eCademy AS

Tilbydaren eCademy as har søkt om 15 plassar til tilbodet *Helsekoordinator* og 18 plassar til tilbodet *Helseadministrasjonssekretær* for hausten 2016. eCademy har også søkt om ytterlegare 10 plassar innan sistnemnde tilbod med start februar 2017 (sjå tabell 1). Av di tilskotsordninga er basert på tildelingar innanfor eit budsjettår, er det vanskeleg å gje lovnader om tilskot til tilbod som startar i 2017. Tilboda til eCademy er nettbaserte med samlingar og vert gjeve på deltid over eitt år (tilboda er eit halvt år i omfang). eCademy har dei siste åra hatt omlag 20-30 studentar frå Hordaland gåande ved dei to tilboda. På grunn av dei nemnde avgrensingane i tilskotsramma, og av di det også er ønskje om variasjon i fagtilbodet frå år til år, vert det føreslått å gje tilskot til 4 studentar ved kvart av tilboda ved eCademy.

Folkeuniversitetet Øst / Vestlandet

Folkeuniversitetet Øst har søkt om 5 plassar ved tilbodet *Barsel og barnepleie* hausten 2016. Tilbodet er nettbasert og vert gjeve på deltid over to år. Folkeuniversitetet Øst har tidlegare hatt ein student frå Hordaland ved dette tilbodet, men har ikkje rekruttert studentar frå Hordaland det siste året.

Folkeuniversitetet Vestlandet har søkt om 20 plassar ved kvart av tilboda *Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming* og *Rehabilitering*. Tilboda er stadbaserete og vert gjeve på deltid over to år. Desse tilboda er per i dag berre NOKUT-godkjent hos Folkeuniversitetet Øst med studiestad på Austlandet.

Folkeuniversitetet Øst søker NOKUT om godkjenning for å tilby desse tilboda med Folkeuniversitetet Vestlandet som studiestad. På bakgrunn av dette vil det i så fall vere Folkeuniversitetet Øst som har godkjenninga, medan Folkeuniversitetet Vestlandet er samarbeidspartner i høve til studiestad i Bergen.

På grunn av avgrensingane i tilskotsramma er det føreslått å ikkje gje tilskot til Folkeuniversitetet Øst sitt nettbaserte tilbod, sjølv om tilbodet *Barsel og barnepleie* ikkje er ivaretake av andre tilbydarar. Vidare er det føreslått å ikkje gje tilskot til dei to stadbaserete tilboda som enno ikkje er godkjende for drift i Bergen. Tilbodet *Rehabilitering* er føreslått ivaretake under tilboda ved Hordaland helsefagskole, og dette er godkjent for drift i Bergen. Tilbodet *Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming* er prioritert ved tilbydaren Nasjonal kompetansetjeneste for aldring og helse, der tilboden ikkje er stadavhengig.

Eventuell styrking av ramma i 2016

Som nemnt er administrasjonen i dialog med Helsedirektoratet om ei mogleg styrking av ramma for 2016. Dersom Hordaland fylkeskommune får ein auke i ramma i 2016, føreslår administrasjonen å styrke følgjande tilbod i prioritert rekjkjefølgje:

1. Helse, aldring og aktiv omsorg ved Hordaland helsefagskole
2. Psykisk helsearbeid ved AOF Hordaland – Sogn og Fjordane
3. Demensomsorg og alderspsykiatri ved Nasjonalt kompetansetjeneste for aldring og helse
4. Nettbaserte tilbod ved:
 - a. NKI AS
 - b. Høyskolen Kristiania
 - c. RKK
 - d. eCademy